# Karantenehotell et mykje av fritida til sjøfolk - vil endre reglane






**STADHEIMFOSSEN CAMPING:** Karoline Parthe og Jørn Stadheim ønsker å finne nye drivarar. **FOTO: FREDRIK STADHEIM**

## Vil selje campingplassen sin

Besøket har auka dei siste åra, men tida strekk ikkje heilt til. Difor ønsker Karoline Parthe og Jørn Stadheim å finne nye drivarar, og kanskje også nye eigarar, til campingplassen sin på Hellesylt.

– Vi har så mykje anna å styre med. Mellom anna gardsbruk og eit maskinentreprenørfirma, fortel Jørn Stadheim til Sunnmørsposten.Det var nettstaden hellesylt.info som først skreiv om saka. Jørn Stadheim trur kanskje det blir for kort tid no før sommarsesongen til at det blir noko sal, men kanskje kan det vere nokon som kan tenke seg å drive Stadheimfossen Camping i sommar – og så kjøpe anlegget etterpå. Campingplassen består av fem frittståande hytter pluss to utleigerom. Vidare ein kiosk og eit sanitærbygg. Det sistnemnde vart for ikkje lenge sidan pussa opp, det same gjeld dei fleste av hyttene.

– Vi har også ca. 30 oppstillingsplassar for bubilar og telt.

Campingplassen ligg rett ved sida av Korsbrekkeelva, ei populær lakseelv. Det har vore auke i talet på overnattingar dei siste åra, med unntak av koronaåret i fjor. I 2020 var det stort sett berre nordmenn som var gjestar.

**TERJE ENGÅS**
te@smp.no

# Karantenehotell et mykje av fritida til sjøfolk – vil endre reglane

Reiarlaga meiner ny karanteregel for jobbreisande utanfor EØS-/Schengeområdet ikkje gir noko betre smittevern. Berre meir belastning på mannskapet.

Sidan 9. mai har mannskap som har jobba utanfor EØS-/Schengen-området måtte bu på karantenehotell, i staden for å kunne reise heim.

Island Offshore frå Ulsteinvik er eit av dei reiarlaga på Nordvestlandet som merkar dei nye karantereglane best.

Dei har tre båtar som opererer utanfor EØS og Schengen, nærare bestemt to konstruksjonsskip i USA og eitt i Angola. Dei har ulike nasjonalitetar om bord. Nokre av sjøfolka er sunnmøringar.




**I USA:** «Island Victory» er no i Mexicogolfen. Mannskapet om bord vert påverka av den omtalte regelen. **ARKIVFOTO: HÅVARD OTNHEIM**

**Krevjande for mannskapet**

Administrerande direktør Tommy Walaunet i Island Offshore Management AS fortel at reglane er problematiske dei.

– I ytste konsekvens får dei seglande karantene både på innreise og utreise. I løpet av fire til seks vekers arbeidsrotasjon kan dei få mellom 12 og 25 dagar i karantene, seier Walaunet.

– Det er tapt fritid for sjøfolka og tiltaket bryt med internasjonale råd og konvensjonar for mannskapsbyte.

Walaunet beskriv arbeidsforholda sidan pandemien breidde seg ut, med stadig skiftande karantenereglar, som veldig krevjande for mannskapet.

– I staden for at ein no fekk ei forbetring av situasjonen, fekk ein ei forverring for den gruppa av sjøfolk som har opplevd mest ulemper med reiserestriksjonar og karantene sidan mars 2020. Det er auka slitasje på mannskapa og deira familiar når heimeperiodane blir spist opp av karantenetid.

Tidlegare har sjøfolka kunne avlegge karantene heime hos seg sjølv. No må dei bli ved første framkomststad, som regel Gardermoen, når dei returnerer til Norge med fly. Den siste innstramminga kom overraskande på mange i næringa.

– Eit problem med forskriftene, har vore at dei blir vedtatt utan ein prosess i forkant. Ein må berre handtere konsekvensane når dei kjem. Tilliten til regelverket vert svekka nå ein opplever tiltaka som uhensiktsmessige og uforholdsmessige.



**MEDEIGAR OG LEIAR:** Ivar Dag Slettevoll leiar familieselskapet Sanco Shipping, der han eig drygt 44 prosent av aksjene. **FOTO: ENDRE VORREN, VESTLANDSNYTT**



**ANSIKT UTAD:** Harald Solberg er Norges Rederforbunds framste talsperson. **FOTO: KILIAN MUNCH/ NORGES REDERIFORBUND**

**– Sakte, men sikkert utslitne**

Seismikkselskapet Sanco Shipping AS frå Sande opererer også under fjerne himmelstrøk. For tida er størstedelen av deira ni skip i Nordsjøen, men dei har eitt i Brasil og eitt i Det indiske Hav.

Dei har i likskap med Island Offshore blanda nasjonalitetar om bord.

Dagleg leiar Ivar Slettevoll og mannskapssjef Bjørnar Stokseth fortel at det nye vedtaket er fordyrande for reiarlaget og belastande for sjøfolka.

– Sakte, men sikkert blir mannskapet utslitne, når dei heile tida får innkorta fritida si. I praksis er dei vekke frå familien sin to tredeler av året, seier Stokseth.

Leiinga i reiarlaget må administrere og følge opp dei tilsette meir enn vanleg, fordi smittevernreglane stadig vert endra.

– Vi får spørsmål frå mannskapet 24/7. Det kjenst litt hjelpelaust, seier mannskapssjefen.

**Tvilar på effekten**

Inntil nyleg kunne mannskapet ta karantenen sin på godkjent stad der mannskapsbyttet faktisk skulle skje.

For eksempel i Ålesund eller Bergen, så lenge Arbeidstilsynet gav tommel opp. Karantenetida kunna kortast ned med test.

– Dessutan kunne ein ha karantene om bord på skipet, så lenge ein heldt seg til visse reglar, fortel Slettevoll.

Han meiner den nye ordninga ikkje bidrar til noko betre smittevern enn den gamle.

– Om ein mann vert tvinge til å stoppe på Gardermoen for å ta karantene der i ti dagar, vil jo det utgjere ein ekstra smitterisiko når han skal ta ekstra transport til Bergen, Ålesund eller Hammerfest. Då er det betre at han sit i karantene nærest mogeleg der mannskapsskiftet skal skje.

Slettevoll understrekar at dei siste reglane er krevjande også ved utreise frå Norge.

**Melder tydeleg ifrå til departementet**

Både Norges Rederiforbund, Norsk Sjøoffiserforund, Lederne og Sjømannsforbundet reagerer.

I eit brev til Nærings- og fiskeridepartementet ber Harald Solberg i Norges Rederiforbund innstendig regjeringa om å endre regelverket snarast.

«Ingen andre land i Europa, slik vi kjenner til, har innført slik avgrensingar for sjøfolk», skriv han.

«For sjøfolk som kjem heim etter mange veker i et smittefritt, isolert miljø framstår det nye kravet som fullstendig uproporsjonalt og som uttrykk for direkte mistillit», står det blant anna i brevet.

**TARJEI ENGESET OFSTAD**
tarjei.engeset.ofstad@smp.no